

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Nr. 4, sept./oktober/nov. 2004

*Friluftsgudsteneste på
Geitnipa 22. august i år*



Ved.
Olav Meltvik



September

Eg er nok av dei som likar våren spesielt godt, men den første haustmånaden, september, er eg og glad i. Dei første vekene er der framleis mange plommesortar i hagen. Dei tidlegaste epla er det råd å smaka på og ein kan henta grønsaker og krydderplantar ute.

Einskilde stauder hev og si blømingstid no på haustparten.

Så kjem dei skiftande haustfargane i lauvskogliene og dette er eit fint syn på klåre haustdagar, men dette varslar at no er hausten komen nærrare for alvor. Og fuglesongen hev tagna mykje no.

Kvart år, på ettersumaren, plar eg ta ein tur i marka for å plukka eit par lyngbukettar. Det gjorde eg no ein dag og. Dei svært varme dagane tidlegare i august hadde ført til at mykje lyng var avblømd, men der det var myrsig stod den framleis fin. Eg hev lagt merke til at lyngen er lite kravstor. Den finn og plass på grunnlendte turre rabbar, og ber fram sine raudlilla blomar med god lukt. Før visste eg om ein stad der det voks kvitblømande lyng, men då vegen kom til Kleiveland tok den bort desse spesielle lyngtuvene. Dei som er glade i honning veit at den honning biene lagar i lyngbløminga er ekstra god.

I ei av utklyppsbøkene mine fann eg eit dikt om lyngblomen. Eg veit ikkje kven som hev skrive det avdi det står berre Sigrun under.

Lyngblomen

Sjå Fjell- Noreg
bind sine kransar
av verda sin blygaste blom.
No rabbar og rindar
dei gler seg
og gløymer sin fattigdom.

Kring gråberg
og kvitskura strender
det lyser ein røsslyngsmil.
å, sære er me
som får leva -
i ei slik stund vera til.

Me hastar
frå beinharde asfalt,
frå bildur og råk og jag,
til soldirr i lyng –
bort på heia
med haustklåre andletsdrag.

Som bia i blomen
me leitar,
me kviler vårt auga i lyng.
og sankar så honning
for sinnet
med gleda i hjarta syng.

Haust og vokster

No er det tid for å hausta inn det som har vakse denne sommaren. Hausttida vitnar om vokster, det som vart lagt i jorda som ei potet, har vorte til mange, bær og frukt er mogne til å haustast inn. Graset veks dersom det berre får litt vatn og varme. **Vokster er eit stikkord for hausten.** Slik er det i naturen. Voksteren er heilt normal. Dersom det ikkje veks rundt oss, er det noko heilt gale. Dersom voksteren ikkje har skjedd, er det unaturleg.

Korleis er det i menneskelivet? Er det like naturleg med vokster der som i naturen? Dei fleste av oss som har levd nokre år, vil seia at me har vakse i livsvisdom. Kor mykje me har lært, kan nok diskuterast, men litt bør me nok ha lært likevel.

Korleis er det med kristenlivet? Har du vakse dei siste åra? Du skulle jo veksa. Du kjem aldri lenger enn til å vera **Guds barn.** Guds vaksne høyrer me aldri om. Men det står mykje i Bibelen om å veksa i trua. Mange foreldre har fått barn på 52 cm. og 3750g. Om barnet etter eitt år framleis er 52 cm og 3750 g, så er det noko gale. Foreldra vil verta bekymra lenge før barnet er eitt år, om det framleis var like stort som ved fødselen. Vokster er like naturleg i menneskelivet som i naturen. Voksteren høyrer med til livet. Det naturlege er å veksa!

Har du vakse i trua? Eg trur at du i dåpen vart Guds barn. Starten var fin. Du tok til på eit liv der det naturlege er å veksa. Det naturlege er ikkje å framleis vera på "nyfødd – stadiet." Foreldre som opplever at barnet ikkje veks, vert redde, urolege og undrast på kva som er i vegen. Gud er ein Far som vil at du skal veksa i trua, LEVA SOM GUDS BARN. Dåpen er ikkje lett å verta ferdig med. Dåpen har fylgjer. For om Gud står det at Han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullföra henne (Fil 1,6). Frå Guds side er han klar til å halda fram. Vil du halda fram?

Me snakkar om dåpsopplæring, og det fortel at dåpen har eit framhald. Det er unaturleg å verta ståande på "nyfødd – stadiet." Gud har ikkje meint at du skal vera ein nyfødd baby resten av livet. I Bibelen står det mykje om å veksa i trua på Jesus. I Efes.3,16-19 står det slik:

"Eg bed om at han (Gud) som er så rik på herlegdom, må styrka dykkar indre menneske med si kraft og sin Ande, så Kristus ved trua kan bu i hjarto dykkar, og de kan vera rotfeste og grunnfeste i kjærleik. Då skal de saman med alle dei heilage maktast å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna heile Kristi kjærleik som er større enn nokon kan skjøna, og verta fylte med all Guds fullnad."

Voksteren kjem når du er saman med alle heilage. Det fortel kor viktig det er å leva i fellesskap med andre kristne. Du er ikkje skapt for å leva åleine som kristen. Kristenlivet er eit liv som skal levast fellesskap med andre. Du er skapt til fellesskap – med Gud og menneske. Du treng ein kyrkjelyd! Kyrkjelyden treng nok deg òg, men du treng kyrkjelyden, fellesskapet og samfunnet. Då skal du veksa. For det er Guds meinung med deg, at du skal veksa og leva som hans BARN. Det er merkeleg kva tankar hausten set i sving. Det går mot mørkare tider, men for den som lever i trua på Jesus, er det enno tid for å veksa.

Lukke til med voksteren!

Johannes Melve

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset
Opningstider:
Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.
Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.
(Måndag er fridag for prestar
og organistar.)
Tlf. 56 19 22 80
Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Halldis Midtun	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve
Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus
Kapellan Brigt S. Skeie
Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes
Priv. tlf. 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund
Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå
Nestleiar: Agnar Vevle
Otto Mo
Einar Johnny Selvik
Anne Mari Persen
Johannes Melve
Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskesteth
Gjerstad: Berit Solberg
Hamre: Inge Arve Birkeland
Haus: Einar J. Selvik
Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjeheising redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik
Tlf. 56 39 52 27
Fax «
Johannes Melve
Elna Mjelstad
Øyvind Vevle

Ung kjærlighet

Av Einar J.Selvik

Man kan vel spørre: hva har vel ung kjærlighet å gjøre med sjømannskirken? Og svaret må bli: egentlig ingenting: Historien er som følger:

I 1953 begynte jeg på realskolen. Det var en sterk opplevelse. Ikke minst da min mor falt bort omtrent samtidig. Det var ny skole,



nye klassekamerater, og ikke minst var det nytt å gå i klasse med jenter. De som kjenner meg i dag vil vel kalle meg løgnhals når jeg sier at sjenansen var helt uten grenser i nærheten av jenter. Hvis jeg møtte jenter på samme fortau, krysset jeg gaten i god tid, og hvis jentene på toppen av alt fniste når vi passete på trygg avstand, var jeg helt sikker på at enten var buksesmekken min åpen, eller så hadde jeg hull i buksebaken. Med andre ord katastrofe.

Gjennom kristendomslæreren min kom jeg med i " forbundet ", Norges kristelige gymnasiast og studentforbund. To ganger i året var vi på leir, enten på Mjølfjell ungdomsherberge eller på ungdomsheimen på kvamskogen. Der hendte det: jeg ble forelsket. Det sa bare " pang " opp i mitt arme hode. Det tragiske var bare at jeg torde ikke engang å nærmee meg henne. Hun var det vakreste jeg noensinne hadde sett, og i de tre årene jeg gikk på realskolen varte ekstasen. Jeg kunne ta sykkelturer på kveldstid opp i Fana, hvor hun bodde bare for å få et glimt av henne. I det tre neste årene hadde vi aldri øyekontakt, så jeg tvilte på at hun visste av min eksistens.

Imidlertid, jeg dro til sjøs, kom hjem fullførte utdannelsen som radiotelegrafist. Litt etter litt forsvant hun i glemseilen. Etter hvert ble det nye forelskelser, og en av dem endte med bryllup. I 1964 om sommerferien fikk jeg i oppdrag å være med å overta et nybygd tankskip. Det ble bygd i Göteborg og det medførte at i 3 måneder bodde jeg på Frälsningsarmeens hotell i Göteborg, mens jeg deltok i monteringen av radiostasjonen på skipet. Det ble mange lange kjedelige kvelder å slå i hjel. Dessuten lengtet jeg infernalsk hjem til kone og barn. Det føresvevet meg ikke at der fantes en sjømannskirke i Göteborg. Det var liksom så kort vei hjem til "gamelandet".

En kveld kom jeg plutselig på at Göteborg hadde et flott fotballstadion som het "Nya Ullevi", hvor mange dyster mellom Norge og Sverige hadde funnet sted og ikke minst diverse EM og VM på skøyter med norske triumfer og nederlag. Jeg tok turen oppom til stadionet, men kom aldri så langt, for like vegg i vegg, hva får jeg se? Jo! Den Norske sjømannskirke. Jeg durte inn. Dunkelt var det, både ute og inne. Ikke et menneske å se. Plutselig hører jeg bak meg: "Hei og velkommen" på klingende bergensk. Jeg

sprettet rundt og der står hun, min aller første kjærlighet. Jeg vet ikke hva jeg svarte. Uansett. Det ble den første av mange koselige kvelder. Det ble mye snakk om "gamle dager", og faktum var at hun husket meg. Hun var og gift og hennes mann studerte til ingeniør i Göteborg. For å spe på utgiftene jobbet hun som humor på "kjerka". Jeg må, no, mange år senere si at det å treffenne henne igjen og kunne kommunisere med henne på "normalt" vis var med å rive ned en masse mentale sperrer hos meg, og ikke minst gjorde den det lettere å få kveldene litt mer meningsfylte. Jeg hilste flere ganger på hennes mann, en hyggelig kar.

Det var siste gang jeg så henne, og jeg må ærlig innrømme at jeg har ikke skjenket henne en tanke før i dag, og grunnen til at jeg overhodet kom på henne er at jeg må få skrevet denne historien til "Kyrkjehelsing". Jeg underer meg på: Har livet fart fint med henne? Lever hun enno? Er hun lykkelig?

Tilslutt vil jeg si at en av de verdifulle sidene med sjømannskirken er at der får man føle hvor viktig det er å møte landsmenn, møte mennesker man kan snakke morsmålet med, døyve lengselen hjem.

Som en fotnote kan det nevnes at "Nya Ullevi" har jeg enno ikke fått se, unntatt på TV.

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.



Velkommen til kyrkja

19. september. 16. sundag etter pinse.

Luk 10,38-42.

Hosanger kl. 11.00

Gudsteneste. Skeie. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Familie & Media

26. september. 17. sundag etter pinse.

Luk 7, 11-17.

Haus kl. 11.00

Gudsteneste. Melve. 50-års-konfirmantar. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 19.00

Gudsteneste. Melve. Konfirmantpresentasjon.

18. s. e. pinse, 3. oktober 2004:

Joh 8,31-36

Hamre kl. 11.00

Gudsteneste. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppsæding (IKO)

Bruvik kl. 19.00

Gudsteneste. Skeie. Takkoffer.

Gjerstad kl. 19.00

Lovsongskveld.

19. s. e. pinse, 10. oktober 2004:

Matt 13,44-46

Hosanger kl. 11.00

Gudsteneste. Melve. Nattverd. Musikken i denne gudstenesta vil vera norske folketonar, i samband med Vestlandskappleiken .Kvedargruppa i Bbergen vert forsongarar.. Takkoffer til TV-aksjonen.

Gjerstad kl. 19.00

Salmekveld om Blix. Osterøy kyrkjekor.

20. s. e. pinse, 17. oktober 2004:

Joh 9,1-7.35b-38

Hamre kl. 11.00

Familiegudsteneste. Skeie. Kyrkjebok til 4-åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl. 11.00

Gudsteneste. Melve. Kyrkjebok til 4-åringane. Takkoffer til Sundagsskulen og Yngstes.

21. s. E. pinse, 24. oktober 2004: Mark 10,13-16

Gjerstad kl 11.00.

Gudsteneste. Melve. 50-

års-konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl. 11.00

Gudsteneste. Skeie. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer.

Bots- og bededag, 31. oktober 2004:

Luk 13,23-30

Haus kl. 11.00

Gudsteneste. Melve. Konfirmantane deltek. Takkoffer til Kirkens bymisjon

Hosanger kl. 11.00

Klagegudsteneste. Skeie. Konfirmantar deltek. Offer til dei fire diakoni-institusjonane.

Fredag 5. november 2004.

Haus kl. 19.00

Minnegudsteneste. Melve.

Laurdag 6. november 2004.

Gjerstad kl. 17.00

Minnegudsteneste. Melve.

Hosanger kl. 17.00

Minnegudsteneste. Skeie.

Helgemessesundag, 7. november 2004:

Matt 5,13-16

Hamre kl. 11.00

Gudsteneste. Skeie. Osterøy kyrkjekor. Nattverd. Takkoffer til Norsk lærerakademi (NLA)

Hamre kl. 13.00

Minnegudsteneste. Skeie.

Haus kl. 11.00

Gudsteneste. Melve. Prost Helge Hitland deltek. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Gjerstad kl. 19.00

Lovsongskveld.

24. s. e. pinse, 14. november 2004:

Mark 12,41-44

Bruvik kl. 11.00

Gudsteneste. 50-års-konfirmantar. Takkoffer.

Hosanger kl. 19.00

Gudsteneste. Gudsteneste-leiar Alf R. Kallestein.

Siste sundagen i kyrkjeåret, 21.

november 2004: Åp 22,12-17

Gjerstad kl 11.00

Familiegudsteneste. Melve. Sundagsskulens dag. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.

Familie-nytt



BRUVIK

Døypete:

06.06. Svein-Olav Hekland

Vigde:

05.06. Christine Yasmin Hekland og Kenneth Hauge

07.08. Merethe Skaftun Høylo og Vidar Tufteland

Gravlagde:

04.08. Hjørdis Hetlevik (f. 1917)

HAUS

Vigde:

26.06. Melissa Helen Edvardsdal Hekland og Tormod Mjelde

14.08. Wenke Langhelle og Bjarte Rolland

28.08. Linda Skjoldal og Yngve Solberg

Gravlagde:

20.07 Ellen Skår (f. 1952)

GJERSTAD

Døypete:

06.06. Arne Magnus Kleiveland

13.06. Anna Fossdal

13.06. Amelia Gjerstad

13.06. Eilin Dyrkolbotn Holsen

13.06. Maria Krossøy

13.06. Alberte Oline Mjøs

04.07. Mads Helle

04.07. Camilla Bakken

08.08. Oscar Magnus Hogg

08.08. Niklas Kolvangnes Solberg

08.08. Tuva Lerøy Breistein

Gravlagde:

01.07. Magnus Gjertin Tyssebotn (f. 1948)

09.07. Ingolf Søgnesand (f. 1940)

15.07. Marta Gjerstad (f. 1933)

16.07. Morten Johannessen (f. 1945)

29.07. Arne Håheim (1916)

27.08. Audun Haugen (f. 1944)

HAMRE

Døypete:

27.06. Christian Mathias Trones Angelskår

27.06. Oscar Tinius Birkeland

27.06. Erik Louis Larsen

27.06. Elin Mjelstad

27.06. Heidi Simmenes

27.06. Stine Hermine Skjerping

27.06. Hanne Åsheim Tufta

17.07. Hannah Moira Midtbø-Bruner

18.07. Hannah Raknes James

18.07. Lily Raknes James

Vigde:

19.06. Tove Camilla Ruud Olsen og Inge Vikane (vigde i Åsane gamle kyrkje)

14.07. Tore Fossmark og Bjørg Borgan (vigde i Rørvik kirke)

17.07. Hilde Midtbø og Trent Loring Bruner

Gravlagde:

06.07. Ella Angelskår (f. 1918)

06.08. Gullborg Brakestad (f. 1919)

HOSANGER

Døypete:

15.08. Even Loftås

15.08. Anna Hanstveit

15.08 Emma Hanstveit

Vigde:

31.07. Marion Romslo og Frode Dammen Tyssebotn (vigde i Ski kirke)

14.08. Ann-Kristin Seilen og Dag Magne Siglevik

Gravlagde:

23.07. Knut Bertin Tysse (f. 1925)

Frivillighetssentralen

på Osterøy treng fleire hjelparar. Disponerer du bil og kan tenkja deg å vera besøksven kontakt telef, 56 19 21 27 eller 56 39 1821.



Frivillighetssentralen

Min salme

No er turen komen til Roger Breivik som skal velja sin salme. Han vart utfordra av Laila Eriksen.

Han skriv : I bedehuset på mi barndomsøy utgjorde fiskarane og fiskarkonene det store fleirtalet, dei visste vel kva farar som dagleg trua tilveret. Difor gjorde det alltid inntrykk når bedehuslyden stemde i med salmen "Jeg er en seiler på livets hav, på livets skiftende bølge" og til slutt frigjerande kunne syngja " La ankeret falle! Jeg er i havn i ly for brenningens vover!"

Salmen finn de på nr. 862 i Norsk salmebok. Teksten er skriven av H.A. Tandberg og melodien er laga av Klaus Østby.

Eg utfordrar Åge Clausen om å senda inn sin salme.

*Jeg er en seiler på livets hav, på tidens skiftene bølge.
Den Herre Jesus meg kursen gav, og denne kurs vil jeg følge.
Jeg stevner frem mot de lyse lande med livsens trær på de skjønne strande,
hvor evig sol og sommer er.*


*I blant jeg seiler for medvinds bør i andres kjølvann og følge
som just lik meg denne reise gjør henover jordlivets bølge.
Og havet smiler, og solen skinner, min dag så stille og blid henrinner,
mens vinden fyller alle seil.*

*Men ofte ensom i brott og brann i uversnetter jeg seiler,
da ingen kjenning jeg har av land, og intet fyrtårn jeg peiler.
Men når jeg nær tror mitt skip begravet, da kommer Jesus på bølgehavet,
om først i siste nattevakt.*

*Mitt skip er lite og havet stort, det rommer tusene farer.
Men storm og bølge ei skyller bort det skip som Herren bevarer.
For ennå skjer det som før det gjorde, når Jesus selv kommer innen borde :
da legger havet seg igjen.*

*Når sistे storm er en gang ridd av, og hjemmets kyster jeg skimter,
jeg ser i solglans et annet hav, krystall som funkler og glimter.
Jeg skuer portenes perlerader og hører englenes myriader
som hilser meg velkommen hjem.*

*La ankeret falle! Jeg er havn i ly for brenningens vover!
Jeg kaster meg i min Frelsers favn, han som har hjulpet meg over.
Og kjente elskede stemmer kaller, mens ankeret sakte og stille faller
i evighetens lyse land.*



Sterke bånd

På den gården som jeg besøkte skulle kyrne slippes ut av fjøset.

De hadde stått lenge inne og var fulle av liv da de kom ut i friheten.

De hoppet og danset, og hos gårdens folk som var med på dette var det latter og leven.

Jeg stod og så etter den fine hunden som de hadde på gården, en vel dressert og vakker Golden Retriever. Jeg visste at den elsket å være med på dette når kyrne skulle slippes ut om våren.

Jo, der så jeg den ! Den stod nede i veien sammen med den unge piken på gården.

Hvorfor kommer ikke hunden og er med på dette, undret jeg meg.

Den unge piken må vel holde den fast med et sterkt bånd, derfor kommer den vel ikke, tenkte jeg videre.

Men da jeg skulle se nærmere etter så jeg at den unge piken ikke hadde noe bånd som hun holdt hunden fast med. Hunden stod bare der ved siden av henne.

Plutselig forstod jeg alt sammen. Den unge piken holdt ikke hunden fast med noe synlig bånd, hun holdt hunden fast med kjærlighetens bånd. Hundens kjærlighet til den unge

piken var så sterk at den klarte ikke å slite seg løs fra henne. Den hadde nok lyst til å være med når de slapp kyrne ut, men kjærligheten til den unge piken var så meget, meget større.

Derfor stod hunden ved siden av henne, derfor kunne den ikke løpe vekk fra henne.

Sterke bånd. Usynlige bånd. Kjærlighetens bånd.

” Men no blir de stående disse tre, tro, håp, kjærlighet, og størst blandt dem er kjærligheten ”.

ved Sigurd Hille Svensson

På kyrkjebakken før og no

I gamle dagar var det på ”kyrkjebakken” folk fekk ”frætta” nytt. Der kom lensmannen med sine kunngjeringar, der fekk slekt og vene og meir fjerne kjenningar møtast og helsast. Då gjekk praten om nyhende i bygdene sidan sist. Om truloving og giftarmål og om sjukdom og dødsfall, om årsvekst og grøda og mangt anna. Folk gav seg god tid før dei tok på heimveg endå det for dei fleste nok tok lengre tid å koma seg heimatt då enn no. Mange måtte i båt for å ro over fjorden eller langs fjorden, andre hadde langt å gå.

No er det lite nok at me hev

tid til å nikka god dag til kjenningar.

Alle skundar seg til bilane sine og køyrer på heimveg. Slik hev tida vorte, me hastar av stad og det er vanskeleg å stogga opp for å prata litt. Men kan henda kan me endå snu litt på dette. Eg tenkjer av og til på at sume kjenner seg kanskje einsame og hev ikkje så mange å prata med. Ein smil og ein kontakt med at me helsast og gjev oss tid til ein prat kunne kan henda gjera einkvan glade. Me får heller utsetja sundagsmiddagen nokre minuttar.

Signa hender

Av Asbjørn Sandnes.

Signa er dei hender som gjer gode gjerningar : steller eit barn, vaskar eit golv, turkar ei tåre, tender eit ljós, slettar eit lægje, dukar eit bord. Dei gode hender er Guds gáve til oss.

Desse linjene er saksa frå Stille Stunder nr. 7 1977.

Soknepresten har ordet


Kunnskap

Eg las for mange år sidan om ein som var oppe til eksamen på ungdomsskulen. Han var oppe faget kristendom, og vart spurta ymse spørsmål som han gav lite svar på. Kunnskapane var ikkje store. Til slutt visste ikkje sensor anna råd enn at han spurde: Kjenner du til Jesus? Då han svara ja på det spørsmålet, stod han til eksamen.

Kunnskapar er ikkje alt, men dei er gode å ha. Etter nokre år med KRLfaget i skulen, verkar det som om den eksakte kunnskapen i kristendom er mindre. Ikkje alle er like glade for ei slik utvikling. På dei fleste områda i

livet, er det positivt å vita mest mogeleg. Kunnskapar er viktige for dei aller fleste. Men når det gjeld kristendom, er det inga skam å ha manglande kunnskapar. Det er jo litt merkeleg at det er slik.

I mange år var Luther vesle Katekisme grunnlaget for kunnskapane i kristendom. Her er det viktigaste i den kristne trua samla på fåe sider. Bibelen er ei stor bok, og då er det godt å kunna samla det viktigaste i ei lita bok. Me treng å halda oppe Katekismetradisjonen i vår folk! Det bør vera like sjølvsagt å vita noko om Jesus, som om IT, like



sjølvsagt å vita noko om Paulus, som om politikarane og popstjernene i vår tid. Kunnskapane er ikkje alt, dei frelser ingen, men dei er nyttige likevel.

JM

Gudstenesteverkstad

4åringane skal få Kyrkjebok i Haus 17/10 og i Bruvik 28/11. Til å førebu desse sundagane, vert det gudstenesteverkstad i Haus kyrkjelydshus onsdag

13.oktober kl.17.00. Her vert det servert eit varmt måltid. Bruvik held sin gudstenesteverkstad på skulen torsdag 25/11 kl.17.00.

Ikkje berre fireåringane er velkomne. Både born og voksne er velkomne til å vera med!

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost - teneste: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

DÅP

Det høver med dåp desse sundagane:
Bruvik: 28.11
Gjerstad: 26.09
kl.19.00 og 21.11
Haus: 17.10 og
12.12
Hamre: 12.09,
17.10 og 28.11
Hosanger: 19.09 og
05.12

Kulturkafe i Haus


Laurdag 30 oktober vert det skipa til kulturkafe i Haus kyrkjelydshus. Inntekta frå kafeen går ubeskåret til Osterøy frivillighetssentral. Frivillighetssentralen er avhengig av lokale inntektar for ikkje å verta nedlagd. Me i Haus sokneråd bed difor alle ostringar om å støtta opp om tiltaket. Det vert eit rikhaldig program som me vil koma attende til i annonsar i Bygdnytt og plakatar. Mellom anna blir der middagskonsert i Haus kyrkje med kunstnarar, både lokale og utanfrå. Stian Barsnes frå NRK "Reser" og "Halvsju" vil vera tilstades og signera bok han har skrive og som kjem i sal i september. Der vil og verta sal av bilete laga av lokale kunstnarar med motiver frå Osterøy.

Me bed difor lokale kunstnarar som kan tenka seg å støtta tiltaket ta kontakt med underteikna for informasjon.

Ein annan måte å støtta tiltaket, dette gjeld særleg næringslivet på Osterøy: Me vil oppretta ein bankgiro. Der kan dei som ikkje har anledning å vitja kulturkafeen gje sitt bidrag.

Det er viktig at bilettekunstnarar vert med. Gjerne amatørar eller elevar frå teiknelinja på Osterøy vidaregåande skule. Me treng 1-2 i format A4 eller A3. Ver ikkje beskjeden. Ta kontakt.

Elles er det berre å seia: Laurdag 30 oktober legg me handleturen til Haus og vitjar



kulturkafeen.

Vel møtt!
*Hilsen
Johnny Selvik*

Salmekveld i Gjerstad kyrkje

Salmeboka var frå gammalt av ei mykje brukt bok ved husandaktar i heimane, og ho var mykje brukti i kristendomsundervisninga i skulane. Det har minka både med husandaktar og bruk av salmebok i heim og skule, men framleis held salmesongen si sterke stilling I gudstenesta.

i «Norsk Salmebok» har me ein skatt av kristeleg kunnskap og visdom som er oppbyggjeleg i ordets beste forstand, og som tolar å verta meir brukt.

Sundag 10. oktober bed me

inn til salmekveld i Gjerstad kyrkje. Då er det salmane til nordlandsdiktaren, statsråden og professoren Elias Blix (1836 – 1902) som står på programmet. Han tok tidleg til å skriva på nynorsk. Alt i 1869 ga han ut «Nokre salmar».

To dugande formidlarar frå Norsk Lærarakademi, landssekretær Paul Odland og lektor Harald Myklebust, vil framføra eit Elias Blix-program, og det vert sjølv sagt ein del allsong. Osterøy kyrkjekor vert og med.

Tilskipar: Indremisjonslaga på Osterøy.



"Når dei opnar munnen kjem det song....."

-kyrkjekoret er med å gi gudstenestene eit fint løft

"Osterøy kyrkjekor" - høyres litt kjedeleg ut? Tja, det er ikkje akkurat etablert for å underhalde eller halde moro. Derimot er det mange som har sagt at ei gudsteneste med kyrkjekoret som forsongar og framførar av ein enkel korsong, har gjeve dei ei god oppleving for sjel og sinn.

Då er medlemmene i kyrkjekoret glade og takksame. Dei har fått være med å gi kyrkjegjengaren det kyrkjekoret er etablert for!

Jau visst er gjennomsnittsalderen ganske høg, men har du nokon sinne treft ein songar som har kjend seg gammal når han eller ho syng i kor?

Det er ikkje mykje som er prega av alder eller noko kjeisamt, om du glytter på døra til musikkrommet på Lonevåg skule ein onsdag kveld ein par gongar i månaden.

Her er det stor stemning, stundom så stor stemning at ei ikkje ukjend røyst med Nord-norsk dialekt, slår til med stor

treffsikkerskap. Her skal Elias Blix framførast slik at kyrkjelyden får med seg både tekst og tone på ein måte som vi kan være stolte av. Og det er ei utruleg flott utfordring. Dei får det til! Det skal ikkje være meir kompliserte "verk" enn at glade amatørar skal klare dette!

Dei fleste songarane har, desse få åra kyrkjekoret har vore i

Liv Skoglund inspirerande og treffsikker dirigent.



aktivitet, og fått eit særskild forhold til Salmer-97. Her er det gøynd mange gode skattar. Kva seier denne teksten deg i kvardagen?(nr. 173)


Slik som min Fader sendte meg, sender eg dere – å så og å plante der andre skal høste, å gi og å tilgi, å løfte og bære, å lege og pleie, å åpne en dør til Guds rike.

Kvar av kyrkjene i Osterøy får del i dette 1-2 gonger i året. – ”åpne en dør til Guds rike”.

Åge Clausen

Vil du bli kyrkjesongar?

Du treng ikkje være noko songstjerne, men det gjer ingen ting om du er det. Alderen?- du må gjerne hjelpe oss å få ned gjennomsnittsalderen, men det gjer ingen ting om du trekkjer han opp. Gutar er som alltid ekstra velkommen til kor, sjølv om ”dei tre tenorane” gjerne vil være ”stjernene” i koret framleis. Fire trauste bassar vert gjerne fleire og. 6-7sopranar er koret si ryggrad. Dei vil gjerne bli sterkare. Altane er få, så dei lærer gjerne opp nokon til! Er de eit ektepar som vil ha noko fint saman, er vi mange som



gjerne ser fleire.

Sei JA! Om nokon i koret spør om du vil bli med eller kontakt Brith og Terje Raknes tlf.56394286 / Britt og Åge Clausen tlf.56394961 og dei vil

Over: Humøret er ei av fruktene fra korsong.

opplyse når neste øving er. Koret tek imot deg med opne armar!!



TV-aksjonen 2004 "Hjerterom" og menighetene

Vi vil med dette oppfordre alle i Den norske kirke til å bidra aktivt ved årets TV-aksjon. Som mange vet er det i år Kirkens Bymisjon og Rådet for psykisk helse pengene skal gå til. Dette er arbeid blant "de trengende" midt iblant oss. Det er for kirken viktig å avdekke og lindre alle typer psykisk og sosial nød.

Dermed er dette også en aksjon vi alle kjenner ansvar for. Ikke minst når et kirkelig arbeidslag er en av hovedaktørene, er det viktig at vi alle stiller opp. Kirkens Bymisjon har som formål "å fremme tiltak som bidrar til å virkeliggjøre kirkens oppdrag". Mulighetene for styrking og fornyelse av Bymisjonens diakonale tiltak vil øke i takt med innsamlingsresultatet for årets TV-aksjon. Kirkens Bymisjon vil kanskje bli opprettet i flere byer som et resultat av TV-aksjonen.

TV-aksjonen er godt kjent for kirkens folk – på de fleste nivåer. Som bøssebærere og som nøkkelpersoner i kommune- og fylkeskomitéer bidrar dere år etter år til viktige formål. Vi vet at dere også av egne lommebøker fyller bøssene – og de fleste menigheter gir kollekt i kirkene til TV-aksjonen.

HJERTEROM kalles årets aksjon. Den har et ambisiøst mål om å skape et rausere og varmere samfunn og vil satse like sterkt på å forandre holdninger som å samle inn penger.

- Ingen er bare det du ser!, lyder et av aksjonens slagord. Det kaller oss til å se mer enn det ytre og ikke dømme etter førsteinntrykket når vi møtes som mennesker. En kvinne som selger kroppen sin er slett ikke "bare" en prostituert og en person som sliter med en psykisk lidelse er langt mer enn "den

schizofrene".

GJESTEBUD er et godt bibelsk begrep. TV-aksjonen bruker det som virkemiddel til å utfordre våre holdninger uten å løfte pekefingeren. Fra 4.september til aksjonsdagen 17.oktober skal hele landet møtes i et mangfold av større og mindre gjestebud. Dette handler om å møtes på tvers av de vante grensene – for å se bak de fasadebildene vi tegner av hverandre.

Hva om din menighet inviterer medlemmene i den lokale moskéen til gjestebud? Eller ungdomsklubben tar initiativ til et gjestebud på sykehjemmet? Her er det bare fantasiens som setter grenser. Og et tipshefte utarbeides til hjelp for alle som vil sette i gang.....

Vi mener årets TV-aksjon gir oss alle en ny mulighet til å få en god utfordring på våre holdninger. Kirken får her et tilbud om kontakt med mennesker vi bare kjenner på avstand.

Så skap gode gjestebud, kirkefolk!

Kirkens Bymisjon vil også hjelpe til med tips til høymessen på aksjonsdagen 17.oktober. Målet er også her å utfordre våre holdninger. Et rausere og varmere Norge er aksjonens ambisiøse mål.

Mer informasjon om TV-aksjonen 2004 finner du på www.tv-aksjonen.no og www.bymisjon.no.

Og glem ikke bøssene 17.oktober! De skal bæres rundt – og de skal fylles!

Diktaren Per Sivle

Det er i år 100 år sidan Per Sivle døydde. Han var ein av våre store diktarar. Livet hans var tragisk med alvorleg sjukdom og motong, men han fekk og store stunder og triumfar.

Me visste det før, men vart minna om det på nytt i siste nr. av "Stille stunder", at ein av dei beste venene Sivle hadde var presten og salmediktaren Anders Hovden.

Me saksar litt frå Arnfinn Brekke sin artikkel : "Då Hovden sumaren 1942 var i heimbygda Ørsta for siste gong, vart han spurd om kva som var det største som hadde hendt han i livet." Det var venskapen med Sivle," var svaret. Lat oss plukka nokre gullkorn frå Hovden si bok om Per Sivle. "Per var det hjartefinaste menneske eg har råka. Han var absolut den einaste som eg lagde mitt liv i alle delar ope for, skriv Hovden i eit brev til fru Wenche Sivle dagen etter Sivles død.

Mora døydde 19. oktober i 1859, då Per var to og eit halvt år. Han hugsa liksom ein ljoske av andletet hennar, og når han hadde det følt vondt, tykte han at denne ljosken kom nærmare. Det hadde trøysta han ofte." sitat slutt.

Me tykkjer Sivle sin song om mora er noko av det finaste som er skrive, og vonar at nye generasjonar får læra den i heim og skule.

*Den fyrste song eg høyra fekk,
var mor sin song ved vogga,
dei mjuke ord til hjarta gjekk,
dei kunne gråten stogga.*

*Dei sulla meg så underleg,
så stilt og mjukt te sova,
dei syntet meg ein fager veg
opp frå vår vesle stova.*

*Den vegen ser eg enno tidt
når eg fær augo kvila;
der stend ein engel smiler blidt
som berre ei kan smila.*



*Og når eg sliten trøytnar av
i strid mot alt som veilar,
eg høyrer stilt frå mor si grav
den song som allting heilar.*



Det må vera ein som har gjort det

Av Tryggve Bjerkrheim

Det må vera ein som har gjort det,
den verdi som auga mitt ser, -
dei tallause livsens under
som her for mitt auga seg ter.

Eg hører dei fløyande fuglar,
ser skogar og fjell vidt ikring.
Og har ikkje nokon gjort dei,
då skjønar eg slett ingen ting.

Eg ser mot ei kveldssol som glimar,
uteljande stjernor sin hær.
Det lyt vera ein som laga
den vide og veldige verd.

Her tirer dei blidaste blomar.
Der solmognar skinande korn.
Dei venaste blomar av alle
er nyskapte menneskeborn.

Det må vera ein som har gjort det,
som dana vår lekam og sjel
og verdi, den veldige, vide.
Kven er det? – No veit eg det vel.

Sal av Hamre prestebustad?



Kyrkjeleg fellesråd har drøfta kva som bør gjerast med prestebustaden på Hamre. Slik det no er, forfell huset, og kostar over kr.30.000,- kvart år. Ulike løysingar har vore framme, men

det har ikkje kome til gode løysingar.
Før Fellesrådet går vidare med salet, får Hamre sokn høve til å uttala seg endå ein gong.

Ny prost

Like før ferien vart Helge Hitland utnemnd til ny prost i Nordhordland prosti og sokneprest i Alversund prestegjeld. Helge Hitland i kjend i prostiet frå før, som sokneprest i Osterfjorden og Meland, og er no fengselsprest i Bergen. I fleire år var han sjelesorgsenteret på Haraldsplass, og leia eit sjelesorgkurs på Osterøy for fleire år sidan.

Den nye prosten vert med på gudstenesta i Haus kyrkje 7.november. Han vert innsett i tenesta 12.september